

# Kvernstein som industri

av Inger Årflot

Ein del av oss hugsar den gamle gardskverna som høyrde til på dei fleste gardar før i tida. "Kvenna" som vi kalla den, hadde ein særprega atmosfære, og det var veldig spanande om hausten når det vart "kvennabør". Då var kornet truska, dryfta og turka, og var klar til å verte malen.

Vi borna gjekk frå kvern til kvern og tigga nymale varmt havremjøl. Vår tids snop.

Dei som veks opp i dag veit knapt kva ei gardskvern er, og heller ikkje kor viktig den var for at folk skulle overleve.

Under siste verdskrig vart gardskvernene forseгла, men eg trur det var mange fleire enn far som braut seglet og mol ulovleg i seine nattetimar. Mange trong om dette mjølet, så det vart gitt bort mykje.

Kvernasteinane kunne ikkje hoggast kvar som helst, og namnet Kvernberget finn vi ymse stader i landet. Dette ber bod om den viktige industrien.

Granatglimmerskifer er det steinslaget som vart brukt, og den høvde godt, for dei harde granatane på overflata gjorde malinga lett.

I Lalm finst noko som geologane kallar for Heidalsserien, og som er rekna for å vere 500-600 millionar år gamal. Men den kan vere eldre, mellom 1600-1700 millionar år.

Steinen vart til under sterkt trykk, og den er svært tett i strukturen. Etter kvart som steinen vert slitent ned, kjem nye granatkrystallar fram, så desse steinana er sterke og varige i bruk.

Frå først av kom bruken av kvernstein frå Østen. På Kristi tid vart den kjend i Hellas og Italia, og den spreidde seg raskt til Europa og Norden. Truleg kom den til Noreg tidleg, for på 1400 talet veit vi det var drift i Kvernberget i Lalm. Ein industri som varde i 500 år, til det

spakna rundt 1900 talet. Det var kanskje den største industrien på heile Austlandet i si tid, og så langt som til Belgia, Nord-Italia og Danmark vart det levert stein.

Ein veit lite om kor arbeidet vart organisert, men frå heile Ottadalen og Gudbrandsdalen kom det folk som ville skaffe seg ei ekstra inntekt haust og vinter-halvåret, då gardsarbeidet heime hadde kvild.

Tolstad gard som åtte grunnen, skulle ha i leige ein hoggen kvernstein for kvar tredje eller fjerde stein. Alt etter kor lett eller tungdrive området var. Den tette strukturen gjorde det tungt og vanskeleg å hogge. Slo emnet sprekker var arbeidet bortkasta, og den store haugen med vrakstein og avfall syner at det var mykje slit og ikkje alle tider like stor inntekt.

Verdien på ein ferdig tilhoggen stein tilsvarar tre-fire gode mjølkekyr. I dag vil det seie ein femti-seksti tusen kroner.

I 1789 var det ein stor flaum i Gudbrandsdalen, og eit av områda som vart dekt av jordras var det eldste kvernsteinsområdet. Detsom ligg synleg i dag, er truleg nyare brot.

Den tekniske utviklinga gjorde at kvernsteinane vart støypte av flint og smergel med magnesitt som bindemiddel. Seinare kom det valsestolar. Dei gamle brota vart gøymd og gløymd.

"Mylna" i Volda som no sender havremjøl, havregryn og kli ut over heile landet, har støypte kvernsteinar.

Rundt om på bygdene er ein del gardskverner restaurerte, og sogelag og privatpersonar syter for at vi som lever i dag får kjennskap til kor "Gudslånet" som kornet vart kalla, vart til kjærkomen mat for mange svoltne munnar.



*På gården Snellingen langt inne på skogen på Hadeland er det ikke lenger noe drift, og stedet er for lengst fraflyttet. Kvernhuset borte ved bekken står til nedfals, men hovedbygningen er i god stand og brukes nå til fritidsbolig. Utenfor ligger det gamle kvernhjulet og hviler og vitner om tidligere tiders nøysomme slit. Kontakt med rug og bygg får kvernhjulet neppe mer, men det kan vare lenge ennå før tidens tann også setter sitt merke i granatglimmerskiferen. Den er av beste merke og kan godt være fra bruddet i Lalm. Tekst/foto: ghw.*

## SLUTT Å FAMLE I BLINDE ! **BERGVERKS-NYTT**

**Holder deg orientert om virksomheten i norske fjell**

Bringer reportasjer, orienteringer og nyheter fra norsk bergindustri - om prospektering, nye funn og om anlegg.

9 nr. i året - pris Kr. 150

**Bestill nå !**

**BERGVERKS - NYTT** Postb. 1438 Leangen, 7002 TRONDHEIM

Navn: .....

Adresse: .....

Postnr.: ..... Sted: .....